

Framlegg til årsmelding Myrkdalen Grendalag årsmøtet 2013.

Styret har vore:

Gudmund Furu (leiar)

Asbjørn Tveite (kasserar)

Arne Bystøl

Sigrid Skjervheim

Anne Lise Ulvund

Aktivitetar:

Dravlefestival 9/6. Godt besøk av vaksne, lite ungar. Aktivitetar som var laga til hadde lite oppslutning. Bygdekvinnelaget selde ut alt.

Styremøte: 2 stk, 9/5 + 16/8 + 8/4 2013

Den gamle kyrkjevegen mellom Ulvund og Vinje var jobba med. Gudmund var med og bygde gjerdeklavarar 2/7 + 11/8. Ivar Husdal står for prosjektet.

Trimboksar (laga av Asbjørn) vart sett opp i juli i Torvedalen, Hiurdi, Høgeggi, Vetle-Grungen og Svoleset. Desse hadde godt besøk, 9 personar hadde vitja alle postane.

Representant Håkon Roald frå Fylkesmannen sette opp registreringspunkt mellom Helgatun og Vetlebotn 16/8, slik at alle som fer forbi vert talde. Gudmund var med.

Vikafjellruta – Fjell til Fjord: Reisemål Vik har teke initiativ til og jobba med ei vandrute frå Vik til Voss. Gudmund har vore med på 4 møte, og no er det kome så langt at til sommaren kan løypa merkast. Hjå oss går løypa gjennom Sendedalen og Grøndalen. Grunneigarlagar har signert kontrakt, og Fylkesmannen har kome med vilkår for merking. Ruta er 9 mil lang.

Merking frå toppen av Kari Traa-trekket til Finnbunuten vart utført 13/8 av Gudmund + 2 stk frå Fjellandsbyen.

Fjellturen i Grendalaget var 26/8 til Vetle-Grungen. Ikkje heilt topp ver, og heller dårlig deltaking.

Minneplate ved Helgelangsteinen; Spelemannslaget tok kontakt med Grendalaget om å få til ei info.tavle ved Helgelandsteinen. Gudmund var på 3 møte om dette (12/9, 16/10, 31/10) Me har lova å vera med å betala for dette.

Ættesoga for Vossestrand: Grendalaget har betalt 10000 kroner. Boka kjem ut til hausten.
Myrkdalesmarsjen 30/9 Barnehagen – Tveite t/r hadde 26 deltararar.

TV-aksjonen: Grendalaget stod for innsamlinga i Myrkdalen

Juletrefest 28/12 hadde 10 deltararar. Er den liv laga?

Quiz (nov – jan- febr) hadde 12 – 15 deltararar. Burde vera fleire lag.

Per Backer driv heimesida myrkdalen.org Sida vert nytta som info-organ for det som skjer i dalen. Men lag burde verta flinkare med å informera, sida er godt kjent og vert mykje brukt.

NM i bruk av gjetarhund skal skipast til her i oktober. Reknar med at Grendalaget hjelper til.